

# Newtonrommet i drift over sommaren



Stort og tomt: Slik ser det for tida ut på Byakvariet hos Monicha Landøy (t.v.). – Mange har spurt om eg skal legge ned no når Newton-rommet kjem, men det skal eg altså ikkje, understrekar ho. Ole Morten Mortensen frå First Scandinavia og Tone Aasrud var også innom på onsdag.foto: liv standal

Firdaposten - [Liv Standal](#)

Publisert:01. juni 2017, kl. 18:00

Stort og tomt: Slik ser det for tida ut på Byakvariet hos Monicha Landøy (t.v.). – Mange har spurt om eg skal legge ned no når Newton-rommet kjem, men det skal eg altså ikkje, understrekar ho. Ole Morten Mortensen frå First Scandinavia og Tone Aasrud var også innom på onsdag.

Onsdag er Ole Morten Mortensen frå First Scandinavia, som sidan 2003 har utvikla Newton-konseptet, i Florø for å snakke med mellom andre Tone Aasrud, oppvekstfagleg ansvarleg i Flora kommune. Ho er den som har hatt leiinga av prosjektet. Arne Olsen frå Aksello og Trond Strømgren frå Maritim Forening Sogn og Fjordane har også vore med på å dra Newton-rommet i hamn.

## Laks, robotar og matte

I 2015 var Flora kommune ein av 34 kommunar som fekk status som realfagskommune, som einaste kommune i fylket. Eitt av prosjekta som kom i kjølvatnet av det, var Newton-rommet som i desse dagar er under oppbygging i lokala til Monicha Landøy på Byakvariet.

– Håpet er å vere i gong før haustferien. Då har vi planlagt at 7. klasse skal lære meir om salmor salar, eller laksen, seier Tone Aasrud frå kvalitet og utvikling i Flora kommune.

– Og då har vi veldig bruk for plommsekklarvar, så om nokon kan bidra med det, hadde det vore flott, skyt Mortensen kjapt inn.

Kvart Newton-rom har sine område, og i Florø vil det bli fokus på laks og robotar og matematikk.

– Det har blitt bestemt kva sponsorar vi har fått med oss, og i Florø har vi, i tillegg til hovudsponsor Statoil, fått med ein del oppdrettsbedrifter, fortel Aasrud.

## **Ambisiøse planer**


Rommet skal fyllast med det beste av utstyr til dei unge forskarane, mellom anna 15 datamaskiner, og robotar til bruk i undervisninga. Det vil kunne ta i mot 30 elevar i gongen.

– Det er ein ambisiøs plan. Vi håpar ikkje det skal gå så veldig lang tid før vi tek heile kulla frå dei ulike årgongane inn. Då jobbar dei i forkant på skulen, så kjem dei hit, og gjer så etterarbeidet på skulen igjen, forklarar Aasrud.

Mellom anna får elevane prøve seg på ein god del programmering. Det ligg inne som ein naturleg del, også i lakse-modulen som skal brukast i Florø.

– Førebels er dette for barn i barnehage og grunnskule, men vi håpar å få med vidaregåande også.

Skisse: Slik er det tanken av Newton-rommet skal bli.



Skisse: Slik er det tanken av Newton-rommet skal bli.